



Jan H. Tvedt AS
Troidhaugvegen 28
5032 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1910 - 14/4285

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
28.02.2014

Igangsettingsløyve for resten av tiltaket/oppføring av kai - gbnr 138/4 Tveiten øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 15/14

Vedtak

Det vert vist til vedtak datert 07.03.2013 der det vart gjeve rammeløyve for oppføring av naust og kai på eigedommen.

Det vart sendt inn søknad om igangsetting motteke her 28.10.2013. I vedtak datert 05.11.2013 vart det gjeve igangsettingsløyve for delar av tiltaket, oppføring av naust.

Det vart ikkje gjeve igangsettingsløyve for kai, då det ikkje var dokumentert på søknadstidspunktet at søknad var sendt Bergen og Omland Havnevesen.

Lindås kommune mottok kopi vedtak frå Bergen og Omland Havnevesen etter havne- og farvannsloven den 22.00.2013.

Det vert no gjeve igangsettingsløyve for resten av tiltaket, oppføring/forlenging av kai med ca 18 m2. Vi beklagar lang saksbehandlingstid.

Godkjente føretak er handsama i vedtak datert 05.11.2013, og gjeld også dette tiltaket.

Plassering og høgdeplassering:

Omsøkte tiltak ligg nærare nabogrensa enn 4 meter mot gbnr 138/7 og 138/17. Då tiltakshavar er eigar av disse eigedommane, har ikkje kommunen funne grunnlag for å krevje samtykke for oppføring av tiltak nærare nabogrensa enn 4 meter. Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

Høgdeplasseringa vert godkjent til kote + 0,00 for kaiplan, jf pbl § 29-4 første ledd.

Lindås kommune, referanse side

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



teikningar. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan H. Tvedt AS

Troldhaugvegen 5032
28

BERGEN